Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 05.06.2025
Vår ref: 2019/1448
Dykkar dato:
Dykkar ref:

METALLCO BERGEN AS
Postboks 15 Alnabru
0614 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

Rapport etter tilsyn hos Metallco Bergen AS, 21. mai 2025
Kontrollnummer: 2025.182.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 21. mai 2025 hos Metallco Bergen AS (organisasjonsnummer: 971918187).

Rapporten har følgjande delar:
- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet
Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast
Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:
- Avvik 1: Mellombels lagring av kasserte køyretøy før behandling er ikkje i samsvar med krav i løyvet, og mottak og lagring er ikkje tilstrekkeleg omtalt i verksemda si internkontroll
- Avvik 2: Verksemda har ikkje risikovurdert, eller utarbeida ein plan for handtering av, sløkkevatn frå brann i elbilbatteri

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Metallco Bergen AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 1. oktober 2025.

Statsforvaltaren gav merknader
Vi har følgjande merknader:
- Merknad 1: Avvikssystemet til verksemda er lite brukt

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr
Metallco Bergen AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post
Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2019/1448.

Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Mellombels lagring av kasserte køyretøy før behandling er ikkje i samsvar med krav i løyvet, og mottak og lagring er ikkje tilstrekkeleg omtalt i verksemda si internkontroll

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Løyve etter forureiningslova, 2018.1107.T
    - punkt 3.2 tredje ledd om mottakskontroll jf. internkontrollforskrifta § 5 andre ledd 7
    - punkt 3.8 om behandling av kasserte køyretøy, jf. avfallsforskrifta kapittel 4 vedlegg 1 punkt 1
    - punkt 12.1 om miljørisikoanalyse, jf. internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Om krava
Verksemda skal ha ei dokumentert mottakskontroll som sikrar at kasserte køyretøy ikkje fører til fare for forureining. Rutinane skal dokumenterast skriftleg.

Område for lagring, inkludert mellombels, av kasserte køyretøy før behandling må vere utstyrt med ei oppsamlingsløysing, eller sandfang og oljeutskiljar. Lagring og handtering av usanerte køyretøy der det er fare for væskelekkasje må gå føre seg på fast, ugjennomtrengeleg dekke.

Verksemda må kartleggje og vurdere risiko for forureining frå dagleg drift. Internkontrollforskrifta krev at verksemda har eit klart bilete av risikoen for å kunne setje i verk nødvendige tiltak for å oppnå eit akseptabelt risikonivå. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, haldast oppdatert og representere den faktiske drifta.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Kasserte køyretøy står lagra utandørs i påvente av sanering inne i hall. Utandørsområdet er asfaltert, med fall mot kum og gruslagd område utanfor verksemda si avgrensing. Ved en eventuell lekkasje vil det være vanskeleg å hindre at avrenning går til overvassnettet eller til grunn. Den mellombelse lagringa av usanerte bilar er ikkje i samsvar forskriftskrava.

Verksemda har ei risikovurdering, der ulike aspekt knytt til ytre miljø er omtalt. Den mellombelse lagringa av usanerte bilar lagra på asfalt, i nærleik til kum og gruslagd område, er ikkje inkludert i den eksisterande risikovurderinga.

Under tilsynet gjekk det fram at usanerte bilar med fare for lekkasje vart sanert direkte etter mottak inne i hallen. Denne vurderinga gjekk ikkje fram som ein del av rutinen for behandling av kasserte køyretøy.

Avvik 2: Verksemda har ikkje risikovurdert, eller utarbeida ein plan for handtering av, sløkkevatn frå brann i elbilbatteri

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Løyve etter forureiningslova, 2018.1107.T
    - punkt 12.1 om miljørisikoanalyse, jf. internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Om krava

Lagring av elbilbatteri representerer ein brannfare, og miljøkonsekvensane knytt til ein eventuell brann skal vere minst mogleg. Verksemda sin internkontroll må inkludere ei risikovurdering av faktorar knytt til langtidslagring av kasserte elbilbatteri, og tiltak for å minimere konsekvensane for miljøet ved ein eventuell brann. Dette skal dokumenterast skriftleg.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har lagra ca. 12 batteri som er tatt ut under sanering av kasserte elektriske bilar. Batteria er etter ei risikovurdering emballert og fordelt i to kontainarar som har opning på eine langsida. Dei står lagra i ytterkanten av verksemda sitt område, og kvart batteri er merka med kjenneteikn frå bilane dei er teke ut av.

Risikoanalysen til verksemda inkluderer brann i samband med sortering (2.4), brann frå batteri knytt til bilsanering (4.2), sjølvtenning ved lagring og lasting av litiumbatteri (5.1), og brann på området generelt (7.5). Risikoanalysen inneheld ikkje er særskild omtale av sløkkjevatn frå ei ev. brann i langtidslagra elbilbatteri, og verksemda kan ikkje vise til ei rutine/prosedyre for handtering av sløkkevatn ved brann i batteria.

Merknad 1: Avvikssystemet til verksemda er lite brukt

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har eit avvikssystem. Det er rapportert avvik knytt til ytre miljø det siste året, men det er få og det vart fortald at avvik stort sett vert ordna opp i heller enn å bli rapportert i avvikssystemet Landax. Eit aktivt avvikssystem vil kunne avdekke gjentakande feil eller manglar, slik at verksemda kan rette opp i desse.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Metallco Bergen AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 27. mai 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på vedtaket om gebyr. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:
- Mari Katrine Berg-Arnesen
- Åsmund Skancke Karlsnes

Kontaktperson hos verksemda:
- Gunnar Olsen

Anlegg
Anlegget til Metallco Bergen AS i Blomsterdalen, Bergen, vart kontrollert under tilsynet.

Tema
Følgjande tema vart kontrollerte:
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- utslepp til vatn
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling

Regelverk
Tilsynet omfatta følgjande regelverk:
- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- internkontrollforskrifta

Dokumentasjon
Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:
- Metallco Bergen AS – Risikoanalyse. 10.12.2020, rev 3 – 09.05.2023

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Verksemda har seks tilsette, og har drift kvar vekedag, gjennom heile året. Dei har kontakt med vikar som har alle klareringar for å gjennomføre mellom anna fullstendige miljøsaneringar av bilar dersom den fast tilsette vert sjuk eller skal ha ferie.

El-bilbatteri

Batteri frå elbilar er karakterisert som farleg avfall, og skal etter krav i avfallsforskrifta leverast vidare til godkjent mottakar innan eitt år. Metallco Bergen AS melder om utfordringar knytt til opphenting og vidarelevering av elbilbatteri. Verksemda må jobbe aktivt for å få vidarelevert bilbatteria, på tross av eventuelt dårleg pris eller tøff konkurranse. Dersom de ikkje får til avtaler om henting, uavhengig av pris, kan de melde frå til Miljødirektoratet som vil kunne ta saka vidare til Autoretur.

Verksemda har ikkje oljeutskiljar

Verksemda har ikkje oljeutskiljar knytt til offentleg nett. Overflatevatn frå utandørsområde går til offentleg nett, medan eventuell avrenning frå innandørsområde går til tette tankar i kvar av dei to hallane.

Verksemda kan truleg redusere ramma for samtidig lagring av farleg avfall

Verksemda har løyve til samtidig lagring av inntil 100 tonn farleg avfall, inkludert batteri, lysstoffrøyr og sparepærer. Frå eigenrapporten for 2023 og 2024 har verksemda sjølv rapportert at samtidig lagra ikkje er meir enn høvesvis 18 og 16 tonn. Verksemder med løyve til samtidig lagring av 50 tonn eller meir farleg avfall er omfatta av krava i industriutsleppsdirektivet (IED). Dersom Metallco Bergen AS ikkje har behov for mellombels lagring av meir enn 50 tonn farleg avfall, ber vi om at de sender inn ein enkel søknad om endring av løyvet der de gjer reie for dei faktiske forhalda ved verksemda.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Bergen kommune Postboks 7700 5020 BERGEN